



Oppdrag:

I forbindelse med kommunestyret si handsaming av saka om skulestruktur vert også sak "Forskrift om skulekrinsar i Herøy kommune" lagt fram.

Tilråding:

Kommunestyret vedtek følgande forskrift om skulekrinsar i Herøy kommune.

Forskrift om skulekrinsar i Herøy kommune:

Lovheimel:

[Opplæringslova § 2-6](#)

«Elevane har rett til å gå på ein skole i nærmiljøet. Kommunen kan gi forskrift om skulekrinsar. Ved tildeling av skoleplass og fastsetjing av forskrift om skulekrinsar skal kommunen leggje særleg vekt på kva skole som ligg nærast heimen. Kommunen kan også ta omsyn til topografi, trafikktilhøve og kapasiteten på skolane, og at barn i same nabolag skal få gå på same skole. Etter søknad kan eleven takast inn på ein annan skole enn den eleven har rett til å gå på.»

Følgjande delar av opplæringslova har særleg relevans for forskrift om kringsgrenser:

- [§ 2-1 Rett til grunnskuleopplæring](#)
- [§ 2-2 Plikt til grunnskuleopplæring](#)
- [§ 12-1 Retten til eit trygt og godt skulemiljø](#)
- [§ 12-4 Plikt til å sikre eit trygt og godt psykososialt skulemiljø \(aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt\)](#)
- [§ 12-7 Det fysiske miljøet](#)

Skulekrinsar per i dag:

Kva som ligg i nærskuleprinsippet vert utdjupa i merknadar i Ot. prop nr 46:

«Vurdering av kva for skole som er nærmast, skal ta utgangspunkt i geografiske forhold, men skal også ta omsyn til andre relevante forhold, til dømes om sysken er plassert på den same skolen, kapasiteten på skolane og om skolevegen er farleg.»



For skulane i kommunen er det per i dag ryddige forhold i høve til kva for ein skule ein soknar til:

- Nerlandsøy skule: Nerlandsøya
- Bergsøy skule: Bergsøya. Grensa går ved brua over til Nerlandsøya, ved Buholmen og straumane md Gjertneset.
- Ytre Herøy ungdomsskule: alle øyane utom Herøybrua.
- Einedalen skule: Runde, Remøy og heile Leinøya. Grensa går ved siste huset på Espeset.
- Stokksund skule: barneskule for Myrvåg, Dragsundflata, Tjørnvågbygda, Sandvika og Nautøya. Ungdomsskule for indre del av kommunen. Grensa mot Sande går ved Leikongsetra.
- Moltu skule: Moltustranda.
- Leikanger skule: Leikong, Jøsok og Voldneset.

Skulekrinsar ved samanslåing av ungdomsskulane til ein skule (2025) og barneskulane i indre til ein skule (2026):

- Nerlandsøy skule: Nerlandsøya
- Bergsøy skule: Bergsøya. Grensa går ved brua over til Nerlandsøya, ved Buholmen og straumane med Gjertneset.
- Herøy ungdomsskule: alle øyane i indre og ytre del av kommunen. Grensa mot Sande går ved Leikongsetra.
- Einedalen skule: Runde, Remøy og heile Leinøya. Grensa går ved siste huset på Espeset.
- Stokksund skule: barneskule for Myrvåg, Dragsundflata, Tjørnvågbygda, Sandvika, Nautøya, Moltustranda, Leikong, Jøsok og Voldneset. Grensa mot Sande går ved Leikongsetra.